



Varhaug-Misjonshus



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhold:

- Andakt Side 5
- IMF Side 6-8
- Vi over 60 i 50 år Side 12-14
- Julemesser Side 15-17

- Bånn gass Side 18-19
- Bøn 24 - 7 Side 20-22
- Pause i ungdomskoret Side 24-25
- Barneside Side 26

BØ'EN STORKIOSK

MAT - SPILL - KIOSK



FØLG OSS PÅ FACEBOOK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug

FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99



Rogaland Bildeler a/s



www.rogalandbildeler.no

Biloppfugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2-2017
29. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Lutherisk Misjonssamband

Formann:
Tormod Nord-Varhaug
Mob. 908 67 879

Det Norske Misjonsselskap

Formann:
Njål Omland
Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:
Dagfrid Bekkeheien Skrettingland
Tlf: 415 32 652

Indremisjonsforbundet

Formann:
Toralf Liene
Mob: 475 02 015

<http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:
post@varhaug-misionshus.no

Postadresse:
Pb 103
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:
E-mail:
redaksjonen@varhaug-misionshus.no
Tlf. 90058503

Frå redaksjonen

3

Når bladet går i trykken er det nok mange som har begynt å tenkja på og førebu julefeiring. Det er mange som heilt frå nyttår har arbeidd med å førebu og ha klar varer til julemessene. Programmet for desse framgår inne i bladet. Det er vel berre «Me syng jula inn» som samlar meir folk. Dette året vert det den 17. desember, kl. 18.



På framsida av dette bladet har me teke med eit biletet frå nasjonalfesten me hadde på Misjonshuset dette året. Det var Kristin Søyland som heldt festtalen. Biletet på baksida viser pyntdekorasjonen som Toril Skretting laga til IMF si basarveke tidlegare i haust.

Denne gongen har me fokus på Indremisjonsforbundet (IMF), som er ein av dei 4 eigarorganisasjonane av Misjonshuset. Andakten er det Holger Kjøvik som har levert. Han er og aktiv på «Vi over 60» der Sjur Håland har vore med på eit av møta i haust. Han fortel kor gildt dei har det i lag der. Dei har halde gang i 50 år nå. Stafettinnen med «Min song» gjekk denne gongen til Steinar Ånestad. Han minnest songen dei song heime på «Leide» då han var liten:

**Kjære Gud Fader i himmelens slott.
Takk for i dag jeg har hatt det så godt.
Send dine engler og «la de» passe på.
Alle de store og alle de små.**

Sjur har og besøkt Sundagskulen, der dei held «Bånn gass» med Martin Dyngeland i spissen.

Karin Lerbekk fortel om «Bøn 24-7 som handlar om bøn der det vert bedt samanhengande i

24 timer, 7 dagar i veka.

Nå er det pause i Varhaug ungdomskor. Fleire har reist vekk på skular og det har ført til leiarmangel, men sangen fortset med ein engasjert dirigent, Anne Margrethe Fauskanger.

Per Åge Skretting

Redaksjonen: Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad, Njål Omland og Karin Lerbekk.



butikken
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no



Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E-mail: runeo@hrd.no

KJÆRNEBORING

ZBETONGSAGING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com



BLOMSTER & GAVER



EL-TEAM

Elektroentrepreneur



Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40

E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Lars Gaute Sport
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD


MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



Andakt

Jesus sitt langtidsvarsel

Luk. 16,19-31

Dette er inga likning. Jesus fortel oss her om to svært ulike personar, og vil i dag gjerne seia oss at i ein av desse vil me sjå oss sjølv att i. Han dreg forhenget litt til side mot evigheten, og syner oss kva som er sant og viktig for oss etter død og grav. Han gjer oss eit «langtidsvarsel». Han minner oss sterkt og rett fram om at det vil til slutt verta anten ein grusom tilstand med pine og gløymsel, eller ei useieleg sael kvile heime hjå den Gud og Herre som ein var fortruleg med her i livet. Jesus er etter vår målestokk ein ekte «svolvelpredikant».



Men kor viktig at Jesus seier så tydeleg frå til oss!

Det var stor skilnad på desse to. Rikingen hadde gjort det godt, ville me sagt. Han hadde all ytre velstand, trivsel og moro. Kanskje passeleg religiøs også. Han realiserte seg sjølv og levde sjølvlivet ubegrensa. Kven ville vel ikkje hatt det som han?

Lasarus var ein prøvd mann. Fattig, helselaus og hjelpelaus. Andre måtte bera han til rikmannsporten, der han så vidt overlevde. Livet var ein kamp og ein prøvelse, - kven ville vel hatt det som han? Men han er altså Jesu eksempel på ein kristen her. Legg merke til namnet hans: Den Herren hjelper! Hans navn stod i livets bok og han var venta heim til himmelen. Ja, det står at englane kom og bar han heim straks han var slokna.

Den navnlause rikingen kom i pine! Og legg merke til kva han seier. Han bed ikkje om tilgjeving og frelse, nei, han bed som alltid før, - om lindring og hjelp der han er! Han er fortapt i ordet si sterkaste meinings. Avgrunnen er lagt slik at at inga forandring er mogeleg!

Då kjem han i hug brørne sine som han hadde festa i lag med! Send dei ein alvorleg advarsel om å unngå denne plassen! Send Lasarus! Bruk sterke verkemiddel! Dei må omvendast. Kva kan gjerast for det? Jau, himmelen svarer at det gudgitte frelsesmiddel er midt mellom oss, det profetiske ord i Bibelen, Moses og profetane. Det er det einaste middel som kan overtyda og omvenda folk med Den Heilage Ande si hjelp.

Så me må ropa som profeten: Land, land, høy Herrens Ord! Betenk livets korthet, dødens visshet og evighetens lengde! Når me kjem til livets endestasjon, står bagasjen igjen. Skal du enda som Lasarus, må du verta fødd på ny og frelst av pur nåde! Høy, så skal sjela di leva!

Holger Kjølvik



Indremisjonsforbundet, ImF

Toralf Liene

Indremisjonforbundet har siden starten i 1898 arbeidet for å nå mennesker med evangeliet og mottoet er «Med Guds Ord til folket». Hovedfokuset har lagt på vestlandet, og ImF har satset på misjonsarbeid i Finnmark. Vi bygger vårt arbeid på Guds ord og den evangelisk lutherske bekjennelse. På dette grunnlaget kaller og sender ImF ut sine arbeidere.

På misjonshuset er ImF Varhaug en av fire eierorganisasjoner og tilsluttet ImF. To kvinneforeninger og en mannsforening hører til ImF Varhaug i tillegg til Tennpluggen som er en trialklubb. På misjonshuset har vi tradisjonelle møter som møteuker, langfredagsmøte og arrangerer søndag formiddagsmøter i samarbeid med NLM Varhaug. Vi ønsker at misjonshuset skal ha en aktiv rolle i kristenlivet i bygda og stå samlet for å vinne mennesker for Jesus.

I løpet av de neste ti årene ønsker Indremisjonsforbundet at vi ser en bevegelse av unge og eldre som sammen vokser og modnes som Jesu disipler, former nye fellesskap og forsamlinger, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk hverdagsdiakoni. Vi ønsker også å se tusenvis av familier som frimodig deler troen på hjemmebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.

Indremisjonsarbeid

I alt er det 9 kretser med ca. 850 underliggende forsamlinger, foreninger og lag. Det er indremisjonsarbeid i ca 450 bedehus på Sørlandet,

Vestlandet og i Finnmark i tillegg til at 24 skoler (høyskole, bibelskole, videregående, folkehøgskoler, grunnskoler) er hel- eller deleid av organisasjonen, og dertil 9 barnehager. ImF har nærmere 100 ansatte på hel- og deltid i kretsene, forsamlingene og ImF sentralt. Med skolene og barnehagene er tallet ca 1000.

Indremisjonsforbundet har fortsatt sitt hovedarbeid fra Kristiansand i sør til Nordmøre, og Finnmark, samt noen finnmarksforeninger i Oppland. Men den senere tid har Indremisjonsforbundet fått økende spørsmål om å sende forkynnere og evangelister til landet for øvrig. Det er tydelig at mange spør etter Indremisjonsforbundet og setter pris på organisasjonens klare og tydelige profilering.

Enkelte omtaler Indremisjonsforbundet som Vestlandske. Dette henger sammen med at før år 2000 het organisasjonen Det Vestlandske Indremisjonsforbund.

Diakoni

Det gikk ikke lang tid før det diakonale arbeidet ble tatt opp innen Indremisjonsforbundet. I løpet av de 100 år har Indremisjonsforbundet eid barnehjem, aldershjem, hjem for rusmisbrukere og andre institusjoner. Ansatte har også i høy grad kombinert forkynnerarbeidet med diakonalt arbeid. Inntil velferdsstaten overtok for fullt i landet vårt, var det mye sosial og materiell nød som også måtte stilles, og Indremisjonen var på banen. De siste tiårene har vi opplevd at mye av den institusjonelle diakonien har blitt overtatt av det offentlige, men det drives fortsatt diakoni. I ImF Rogaland er det julefeiring på Ognatun hvert år for



mennesker som ønsker å ha noen å feire jul sammen med og en flerkulturell leir som engasjerer personer med ulike bakgrunner.

Misjonsarbeid

I 1910 ble det tatt opp arbeid i Finnmark. Også her gikk forkynnararbeid og diakonalt hjelpearbeid hånd i hånd, og indremisjonsarbeidet i Finnmark lever fremdeles i beste velgående.

Barn og unge

Arbeidet for å nå ungdommen har også alltid hatt høy prioritet. Ungdomsskolene, som nå heter folkehøgskoler, så tidlig dagens lys, og indremisjonens bibelskole på Bildøy og jordbrukskole i Lyngdal har også hatt mange elevkull innom. Etter hvert startet også lagsarbeid for barn og unge, og de aller fleste kretsene har i dag sine egne leirsteder. Senere har skolesatsingen blitt betydelig utvidet, og utgjør i dag en stor del av arbeidet. Vi her på Varhaug har Ognatun omtrent som nabo. Her arrangeres det blant annet leirer for barn og unge før både jul, påske og sommer.

Bildøy Bibelskole

En skole for Livet! På Bildøy kombinerer vi Guds Ord i Bibelen med din interesse, altså bibel- og linjeundervisning hånd i hånd: KRIK, Disippel, Musikk og ledelinjen T2.

På Bildøy får du i pose og sekk. Du får bibel og linje og en spennende studietur til Israel, i tillegg til linjetur med linja di: Sør-Afrika (Disippel), USA (Musikk), Patmos i Hellas (T2) og Tanzania (KRIK). Fordelingen er cirka 50/50 – og troen er selvsagt en naturlig del av linjen også.

Bildøy ligger i fantastiske omgivelser ved havet, ca 15 minutter vest for Bergen.

Camping

Mange på Varhaug kjenner til Lyngdal bibelcamp og har deltatt der for kortere eller lengre tid. Dette er en storsatsing for hele familien med eget opplegg for barn og unge, KidzCamp og Ungdomscampen i tillegg til møter for voksne og aktiviteter for hele familien. Bibelcampen arrangeres fire uker hver sommer.

(Ta inn bilde av Lyngdal bibelcamp her en plass)

I tillegg arrangeres også Bygland bibelcamp som er en bibel- og naturferie på KVS Bygland en uke midt i juli.

Endring

Mye har forandret seg på 100 år. Samfunnet er et helt annet, folks livsmønster likeså. Men fremdeles er Guds ord det samme, og fremdeles er det det samme ønsket som driver indremisjonsarbeidet, ønsket om å nå folket med det eneste som kan gi frelse og evig liv. Mye er sådd, mye har båret frukt, og det er vårt ønske at det må være tilfelle også i nye arbeidsår.

Støttespiller

Indremisjonsforbundet ønsker å hjelpe andre organisasjoner som arbeider med oppgaver vi har tro på og bidrar derfor med støtte til, eller betalende medlemskap i, organisasjoner/tiltak som vi mener arbeider i forlengelse av ImF sitt oppdrag og kall: divisi, Menneskeverd (også støtte til prosjekter innen dette feltet), Til helhet, K-Stud, KPK, Blåkors, Norme, Bibelleseringen, Willow Creek, IKOs barnehagekontor, gutt og jente.no, Damaris, Evangelisk Luthersk Nettverk, Institutt for sjælesorg, Awana.

Lederopplæring

ImF arrangerer eller bidrar til samlinger som skal hjelpe den lokale ledelsen å være



utrustet for arbeidet videre. Det inkluderer forsamlingskonferanser, sentrale og regionale barne- og ungdomslederkonferanser, samlinger i Kvinnenettverket, deltakere til DAWNkonferanser om menighetsplanting og European Leadership Forum.

Alphakurs - evangelisering som alle kan ta del i

Over 20 millioner mennesker verden rundt har gått på Alphakurs. Mange har møtt Jesus og blitt frelst gjennom et slikt kurs. Det å være med på et kurs, og så i neste omgang gjerne gå inn som leder og bidra på ene eller andre måten, vil gjøre noe med deg og din forsamling!

Alphakurset består av 14

undervisningssamlinger, mye god mat, tid til prat om hverdaglige ting og gruppesamtaler der de ulike temaene kan samtales om med egne spørsmål, erfaringer og undring på en trygg og god måt. Disse gruppesamtalene blir ofte høydepunktet gjennom kurset for deltakerne.

Jesus bruker Alphakurset. Mennesker blir frelst og får en ny kurs på livet sitt. Forsamlinger og troende mennesker blir også forandret etter å

vært med å bidra til å gjennomføre kurset. Alle ledere; de som lager mat, de som rydder, de som leder sangen, leder samtalet, de som ber for kurset, assistentene i de ulike oppgavene, underviserne, de som følger en venn på kurset, -alle disse blir et lag som sammen evangeliserer som et team.

Vi i ImF Rogaland vil gjerne være til hjelp med planlegging, utrustning, gjennomføring og undervisning på et Alphakurs. Det er indremisjon i ordets beste forstand. Ta kontakt, vi vil gjerne være til hjelp.

Trossamfunn

ImF Trossamfunn en del av Indremisjonsforbundet (ImF) som er ein evangelisk-luthersk misjonsorganisasjon med sentraladministrasjon på Bildøy og med kretser, byforsamlinger og foreninger ulike steder i Norge. Det ble opprettet i 2009 og er et formelt tilbud til de som ønsker å være kirkerettlig registrert, og som ikke ønsker å være det gjennom andre kirkesamfunn. ImF Trossamfunn driver i samsvar med ImF sitt evangelisk lutherske grunnsyn og organisasjonen sine prinsipp og har et eget styre.



Helsing frå styret

Ja nå nærmer hausten seg med stormskritt. I skrivande stund er det snart misjonshusbasar. Den er i år 27 oktober. Dette er eit høgdepunkt kvart år, og svært viktig for drifta av Misjonshuset. Elles så er vi i byrjinga av oktober og det meste har starta opp igjen etter sommaren. Fleire kor og lovsangsgrupper er i gang med øvinger kvar veke. Ellers så er jo Fre`s og Ungdomslaget i full aktivitet. Det er flott å sjå at det er så mange ungdommer som bruker huset. Når dette bladet kjem ut, er det mange som har vore i sving for å førebu julemessene i

november. Desse er alltid godt besøkte, og alltid mykje fint å kjøpa med seg heim.

Styret vil minna om at det er viktig å bestilla huset i god tid før arrangement, slik at dette kjem inn i møteboka. For å bestille er det enkelt å nytta seg av Varhaug Misjonshus sine heimesider www.varhaug-misionshus.no. Her kan alle sjekka møteboka, både for å bestilla og for å fylgia med i det som skjer.

Tusen takk for alt som vert gjort for Misjonshuset, og til alle som stiller opp på ting når me spør om hjelp.



Frå venstre: Loyd Aanestad (formann), Astrid Varhaug, Torbjørn Honnemyr, Gunhild Lobekk, Håkon Varhaug, Terje Skretting, Per-Arvid Jakobsen, Håvard Varhaug, Rolf Ueland



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69



MALER OG GOLVLEgger

Jæren GolvAS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSAVG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til
bestillingssiden. Eller gå inn på :
www.ledigtime.no/sentrumsalonen

SPAR 

SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug
Telefon: 90 50 65 66

M E C A
CAR SERVICE

M E C A
CAR SERVICE


T. SKRETTING
MASKINSTASJON

Dysjalandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting

mob. 906 80 143
mob. 975 54 681 (Erik)
trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Regnskapsfirmaet på Jæren
post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66
Pb. 210, 4349 BRYNE



www.jarok.no

MEDLEM
REGNSKAP
NORGE

Kjære Gud Fader

Steinar Ånestad

Med åra vert ein del ting tyngre og vanskelegare.
Vi ser gjerne meir alvorleg på ting vi tok lettare
på før.

Gode barndomsmenna derimot vert lysare og
betre. Det er som dei søkk ned i eit hav der dei
vert foredla og dukkar til ulike tider oppatt i
forgylla ham .

Av mine beste barndomsminner er godnattrituauet
og songen Kjære Gud Fader i himmelens slott.

Hos oss blei den sunge slik:

Kjære Gud Fader i himmelens slott.
Takk for i dag jeg har hatt det så godt.
Send dine engler og “**la de**” passe på.
Alle de store og alle de små.

Slik eg husker dette i dag så sovna eg med ein
trygg og god følelse etter denne sangen. Det var
godt å ha noko fast og trygt å tenkja på når
kvelden kom. Og eg tenkjer i dag at den var med
på å skapa ein tillit som etter kvart vaks fram til
ei vaksen tru som eg ennå har. Eller kanskje det
er rettare å snakka om ei tru som ennå har meg.

Som barn hadde vi ein hund heima på garden
som heitte Ladi. Ladi på norsk og ikkje lady på
engelsk. Som de ser i songen så syng me der om



«engler og la de passe på». Eg kopla nok den strofa med den snille hunden vår Ladi. Det heile blanda seg i mitt hovud og vart gode biletar av ein snill hund, englar og Gud Fader som passa på oss alle.

Eg er takksam for gode barndomsminner og vil anbefala alle til å laga seg gode godnatt rutinar for seg sjølv og barna sine. La det verta til ei bønn som vender seg til himmelens Gud.



Buhunden Ladi



Vi over 60 i 50 år

Vi over 60 samlar mellom 50-60 vaksne to gonger i månaden.

Sjur Håland

Livet byr på mykje, ikkje minst for dei som har bikka 60 år. Varhaug Misjonshus sin faste post, Vi over 60, har vore til glede og velsigning for vaksne varhaugsbuar i 50 år.

Frå starten i 1967 heitte arrangementa Eldretreff. No er det Vi over 60 som gjeld.

Ein onsdag sist i september kan vera grå. Men på Varhaug Misjonshus er lysa tende og varmen skrudd på. Kring 60 personar har benka seg rundt langborda.

Fire komitear

Det er dei fire eigarorganisasjonane som står bak Vi over 60. Kvar organisasjon har sin komité, som tar kvar sin tørn gjennom sesongen. Lars Jan Nord-Varhaug er leiar.



Lars Jan Nord-Varhaug er leiar for Vi over 60. Han tar gjerne runden rundt borda for å helsa på sambygdingar. Her forsikrar han seg om at Haldis og Sigurd Håland har fått årer til loddtrekninga.

Nett denne dagen er det Misjonssambandet sin tur. Klokka er to på ettermiddagen. Emissären og misjonæren Mathias Mjølhus har benka seg saman med møtelyden i matsalen. Telysa er tende. Langborda er dekkja og pynta. Praten går ganske av seg sjølv. Døra inn til kjøkkenet står på gløtt, og den umiskjennelege lukta av kaffi krydrar stemninga.

Datafritt

Holger Kjølvik plasserer trekkspelet på fanget og finn rutinert rette tangentane og stemmer i Til det gamle ærverdige kors. Møtelyden greier seg godt med Holger sitt tonefølgje og Sangboka. Her er ingen avhengige av videokanonar og kul datagrafikk på kvitt lerret.

Det er lett å kjenna varmen, og lett å kjenna seg heima. Sjølv for ein bladfyk som ikkje har passert 60.

Det er ikkje lenge før du også er her, minner Holger Kjølvik om, og smilar til han som spring rundt med kamera og notatblokk.

Som å koma heim

Veteranen Mathias Mjølhus er kjent på Varhaug, og han har slekt frå Vigrestad.

Å vera her er som å koma heim seier han, og held fram at kvar einskild i forsamlinga har livserfaring meir enn nok til å skriva ei bok.

Mjølhus skildrar episodar frå eiga misjonærtid i Aust-Afrika og knyter andakten til kva som er den viktigaste og beste medisinen til menneska. Etter pausen fortel han frå Trygve Bjerkreim sitt liv, og korleis fleire av dei mest kjende songane hans vart til.





Lars Jan Nord-Varhaug t.v., Holger Kjølvik og Karsten Ueland syter for god stemning under loddtrekninga.



Vi over 60 på Lerbekk skule.



Heile bygda sin Holger Kjølvik i kjent og kjær positur.



Mathias Mjølhus.

SI.BYGG

www.sibygg.no

MESTERHUS

- det blir som avtalt



På tur til Ørsdalen.

► Alle Vi over 60 arrangementa er bygd opp under same lesten. Andakt, god mat, allsong og utloddning. Tema for dei ulike møta varierer, alt ut frå dei som bidreg med andakt og føredrag.

Populært

Vi over 60 har møter første og tredje onsdagen kvar månad gjennom året.

Med ein pause midt på sommaren, fortel Sigbjørn Varhaug, ein av «stamgjestene».

Oftast startar sesongen med ein tur. I år gjekk reisa til Ørsdalen, med Gaute Skretting som guide. Det var populært.

Heilt full buss, det var faktisk venteliste for å bli med, seier Sigbjørn, som fortel at dei før sommarferien plar markera semestersluttan ved å legga arrangementet til Lerbrekk skule.

Julemiddagen i lag med det andre pensjonistlaget i bygda, Varhaug Pensjonistlag, er også standard prosedyre. Å vera med i både Vi over 60 og Varhaug pensjonistlag er sjølv sagt fullt mogleg.

Det er fleire av oss som går i begge laga, me går svært godt saman, understrekar Eirik J. Varhaug.

Brit Obrestad skreiv nyleg i Varhaugbuen om historia til Vi over 60. Ho intervjuja Harald Skretting, som døydde 18. juni i 2016. Harald var, saman med Olav Varhaug jr. og Cornelius Varhaug, med og starta Eldretreffa på Varhaug etter den nye organiseringa i 1985. (Mellan 1967 og 1985 var arrangementa ein dugnad mellom Gamleheimsforeininga, Bondekinnelaget og sanitetsforeininga).

Det er tre ting som er fast: Andakt, mykje god mat, og utloddning. Jenny Skår og Asbjørn Stueland var trufaste ved pianoet dei første åra. Elles har dei arrangert mange gilde turar, blant anna til eldresamling på Horve sist i mai. Men òg sommar- og haustturar. Turane har vore svært populære.

Tre gonger har me hatt minnifestar for freden der krigsfangar var innbedne.

8. mai 1987 med Kjell Lund, 8. mai 1992 med Sigbjørn Årsland og 7. mai 1993 med Randi og Johannes Lunde frå Vinstra som talarar/kåsørar. Elles har det vore mange gilde og minnerike program i dei ulike åra. Mellom anna Lars Korvald i 1986, Bjarne Stoveland i 1988, Asbjørn Stueland med Varhaug-filmen, Jakob Aano med Alfred Hauge program, Arne Tunheim med Garborg program, og mange fleire, fortel Harald Skretting. – Nemnast må òg alle gongene som Andreas Varhaug (bror til Cornelius Varhaug), Nils Mellemstrand og Ingebret Særheim gledde oss med song og musikk.

Mykje har endra seg gjennom alle desse åra. Nå har dei samlingane 1. og 3. onsdag kvar månad, men ikkje i juli. Dette året var det tur til Tondstadli i august. Alle som var med i starten er gått bort. Den siste, Harald Skretting nå i sommar. Likevel er det nye som tek over roret, og alle som lever blir eldre, så det er berre å stå på og lage til for «Vi over 60».

Kjelde: Brit Obrestad



Kom og vær med på NMS julemesse 24. og 25. november

Når tida er kome for NMS si julemesse går det verkeleg opp for ein at jula er på veg. Sidan mange kjem igjen år etter år trur me at messa vert opplevd som triveleg, god og meiningsfull, noko som er viktig for oss.



FREDAG 24. november

- 18.00 Kveldsmat. Gryterett, kaffi, kaker m.m.
- 19.00 Møte v/Torild Egeland Reime og Hananja.
- Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 20.45.



LAURDAG 25. november

- 11.00 Møte v/Evy Torunn Nyvoll og Bjerkreim barnekor.
Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 13.00.
- 13.30 Familiemøte v/Evy Torunn Nyvoll og Yngreskoret.



Hovudtrekning og barneutloddning.

Det er mange som dreg i lag for å få i stand messa med lefsebaking, skaffing av gevinstar, laging av pyntegrønt, loddsal og mykje anna. Når me kjem til messehelga er det mykje å gjera for matkomitéen, og mange bidreg med matvarer. Takk til alle som er med på dette.

Me vert glade for alle som kjem.

Julemesse

Vigrestad Misjonshus



Fredag 10. november kl. 19.

Minikonsert med Jæren Gospelkor

Andakt av Ottar Hope

Lørdag 11. november

kl. 11.00

Andakt av Ottar Hope

Dans av Gloria

kl. 14.00 : BASAR


Andakt av Thomas Thesen

Song av Vigrestad Soul Children

Barnetrekning

Hovedtrekning :

Bunad, sykkel, bålpanne, ulike gavekort m.m.



Fredag:

Kafeteria med salg av gryterett, pølser, kaker m.m

**Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker.
Tipp vekta på stor fruktorg**

**Varesalg:
Småkaker, mykje fint håndarbeid ,smalaføde, egg og grønnsaker m.m.**

Lørdag:

Kafeteria med salg av graut, smørbrød, kaker, nysteikte lapper m.m

Tipp vekta på fenålår

Lagebord for barna

Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker.

Ansiktsmaling, popcorn

**Varesalg
Småkaker, mykje fint håndarbeid, egg og grønnsaker m.m.**



Arrangør: Normisjonsforeninga på Vigrestad, Varhaug og Nærø

Velkommen til NLM si julemesse 2017 den 17 og 18 november på
Varhaug Misjonshus

Fredag 17 november

Kl 17.30 Dørene opnar.

Sal av gryterett, kaker og kaffi.

Kl 19.00 Møte

Andakt ved Leon Dyngeland

Song av lovsonggruppe

Varesal og open kafè.

Åretrekning



Laurdag 18 november

Kl 11.00 Møte

Andakt ved Leon Dyngeland

Song av Anne Margrethe Fauskanger

Varesal og open kafè.

Åretrekning

Familiemøte kl 14,00

Andakt ved Leon Dyngeland

Song av Minikoret

Hovudtrekning, barnetrekning,
reiselotteri og gavekort.

Velkommen





Bånn gass på søndagsskulen

Tekst: Sjur Håland / Foto: Brit-ELin Vik

**Oppteken av rekruttering og misjon?
Glad i spreke ungar og god lyd?
Sjekk ut søndagsskulen på Varhaug
Misjonshus.**

Hundre barn i ein dryg halvtime er berre heilt fantastisk, smilar ein søndagsfrisk Martin Dyngeland, medan han, saman med Brit Elin Vik og Anette Vagle ryddar på plass bord og stolar i møtesalen etter å ha unnagjort nok ein føremiddag med bygda sine yngste i sentrum.

Godt mannskap

Søndagsskulen er i godt driv etter sommarpausen. Medan enkelte av oss ikkje ein gong har tenkt på å stå opp, arbeider friviljuge på dugnad for å ta i mot mellom 70-100 barn. Det skal mykje logistikk og eit godt mannskap til for å gje ungar frå to til treårs alderen og oppover eit Gudsord og ei god, varm oppleving til å ta med seg resten av søndagen, veka etter, og vonleg resten av livet. Bygda har eit stort korps med friviljuge medarbeidarar som søndag etter søndag syter for knirkefrie arrangement, høgt skatta av både barn og foreldre.

Rettesnor for livet

Intensjonen er som han alltid har vore.

At dei minste skal bli kjent med Jesus og få eit innblikk i Bibelen og Guds ord som rettesnor for livet, seier Martin, medan han tar seg ein pause i ryddearbeidet.

Søndagsskulen startar klokka 10,30.

Då møter alle i møtesalen. Halvegs i programmet går dei som har status som tårnagentar (frå andre klasse og oppover) inn i matsalen kor dei blir servert andakt og eit eige tilrettelagt program.

Foreldra får kaffi

Tidlegare var det gjerne vanleg at foreldra køyrdde barna sine til og frå arrangementet. No vel svært mange foreldre å bli med inn.

Kaffien står klar i gangen. Foreldra tar med seg pappkruset inn og er med oss. Det kan bli høglydt med så mange små på ein gong. Foreldra er til god hjelp for oss som arrangerer søndagsskulen, og så veit eg at dei vaksne har eit sosialt og gildt utbytte av samlingane. Me har det rett og slett kjekt i lag. Søndagsskulen er samlande og opplevast positivt også blant dei som ikkje høyrer til dei faste på misjonshuset, fastslår Martin.

Denne hausten skal det gjennomførast 12 søndagsskulesamlingar. Det same talet står på planen etter nyttår. Søndagar med



Oline Stokkeland, Andreas Stokkeland og Gabriel Frøyland.

familiegudsteneste i kyrkja blir det ikkje arrangert søndagsskule på misjonshuset.

Me følgjer skuleåret og planen for gudstenester i kyrkja, forklarer han.

Gunn Marit Djøseland er leiar for tre team med tre rutinerte søndagsskulelærarar. Teama har turnus på to søndagar etter kvarandre. Barna har også oppgåver.

Barna får oppgåver

Barn frå fjerde klasse og oppover får ansvar. Teknikarane er med på å styra lyd, lys og bilete, medan dei som er slusharar ønskjer velkommen, er med på aktiviteter, ryddar og hjelper til med andakter. Knallbra for oss, og bra for dei å læra å ta ansvar og kjenna glede over å kunne vere til hjelp og nytte, erfarer Martin Dyngeland.

Mykje song, masse bevegelse og musikk er viktige delar av programmet. Kollekt hører med. Innsamla midlar dette året går til søndagsskulen sitt prosjekt for foreldrelause barn i Uganda. I Søndagsskulen bidreg til å knyta søndagen opp mot noko positivt. Det er ein god ting, meiner Martin Dyngeland. Han held fram at det er mindre



Andrea Skretting

Martin



kristendomsundervisning i skulen og at forkynninga er heilt vekke.

Proft apparat

Eg trur me har ei viktig oppgåve. Og, sjølv om ikkje alle av oss er pedagogar, har me eit proft apparat i ryggen gjennom Norsk Søndagsskoleforbund, som blant anna leverer materiell og skreddarsydde opplegg for oss.

Men flanellografen er vel skrota i desse multimediatidene?

Snarare tvert om. Den er i jamleg bruk, og minst like populær no som før.

Bodskapen er framleis aktuell og går ikkje ut på dato, i følgje Martin Dyngeland. Neste søndag blir to av Jesu vene sett under lupa.

Marta hadde det travelt med å vera vertinne, medan Maria sette seg ned ved Jesu føter for å lytta. Denne hendinga kan linkast direkte til i dag. Bodskapen om Jesus som verdas frelsar er viktigast og må koma før alt anna, understrekar Martin Dyngeland.



Kristian Skretting



Bøn 24 - 7

Karin Lerbekk

Når ein les denne overskrifta, er det lett å tenkja at ho handlar om bøn den 24. juli. Det er ikkje det som meinast med dette, men å be samanhengande 24 timer, 7 dagar i veka.

Som nokre alt kjenner til, har det to gonger vore arrangert bøn 24 - 7 på Varhaug misjonshus. Alt i 1999 starta organisert bøn på denne måten, første gong i England,



og sidan har aktiviteten spreidd seg over heile verda. Per i dag er 147 bønerom aktive, 24 - 7, år etter år. Folk frå ulike kyrkjesamfunn, frå alle alderstrinn, ber kvar time i døgnet, ein og ein eller fleire ilag. Det som er likt over alt, er at eit fast rom vert bruk som bønerom.

Eige bønerom

Inspirert av opplysningar på Internett om bøn 24 - 7 i andre land, gjekk nokre eldsjeler i gang med dette føretaket her hos oss på misjonshuset. Eit rom ved sida av ungdomsloftet vert brukt til bønerom. Der er ein sofa til å sitja på og bord med lesestoff: Bibel, andaktsbøker og ulik kristen litteratur. Levande lys er tilgjengeleg om ein ønskjer det, like eins song/musikk. Ark til å notera eller teikna på er på plass, og små lappar der ein kan skriva tankar og bøneemne. Desse kan hengjast opp på tavler, ei for det ein ønskjer forbøn for, og ei for takkeemne.

Alle kan delta

Ingen spesiell organisasjon står bak dette tiltaket. Alle er velkomne til å delta. Rekruttering har føregått via Facebook, SMS og vorte spreidd munnleg. Sist bøneveke stod mindre enn fem timer ledige av i alt 168 timer i strekk.

– Går det an å be ein heil time, undra ei engelsk dame som hørde om dette, men av ein eller annan grunn kjendest timen som ti minutt, fortalte ho i etterkant. Slik har fleire opplevd det på misjonshuset. Dei fleste vil tilbake fleire gonger, og deltakarane har vore frå i tenåra til over åtti. Alle kan delta, alle kan

be. Det er ei unik oppleving, ein kjem vekk frå uro i kvardagen på ein fin måte.

Det er skrive mange bønesalmar og songar. Ei songstrofe lyder slik: «gå bönernas bro, den bær». Böna er ei bru, ein tovegs kommunikasjon mellom Jesus og den som ber.

Bibelen seier mykje om bøn:

Matt 7,7: «Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk».

Fil 4,6: «Gjer dykk inga sut for noko, men lat i alle ting böneemna dykkar koma fram for Gud i påkalling og bøn med takkseiing».

Rom 8,26: «Og her kjem og Anden til hjelp for oss i veikskapen vår. For vi veit ikkje kva vi skal be om slik som vi burde gjera det. Men Anden sjølv går i bøn for oss med sukk som det ikkje finst ord for».

Salme 37,7: «Ver still for Herren og venta på han!»

Matt 6, 7-8: «Når de ber, skal de ikkje ramsa opp mange ord liksom heidningane - for Far dykkar i himmelen veit kva de treng, før de ber han.

Jesus seier: «difor skal de be såleis: Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet ditt helgast! Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Og forlat oss vår skuld, som vi og forlèt våre skuldmenn. Og før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, makta og æra i all æve. Amen».



La din vilje skje

Vidar Kristensen har skrive ein mektig song over eine böna i fadervår.

*Den vanskeligste bönnen å be med ærlig sinn,
er bönnen: La din vilje skje!
For egenviljen blander sitt eget ønske inn,
og overfor Guds tanker er viljen ofte blind.
Men , Herre, gi meg motet til å be,
La din vilje skje.*

*Den siste, sterke bönnen som Jesus lå og ba,
var bönnen : La din vilje skje!
Om det som liggjar foran er lett å flykte fra
og ingenting gir lyst å si det Jesus sa,
så, Herre, lær meg likevel å be:
La din vilje skje.*

*Den enkle, stille bönnen som åpner Herrens vei,
er bönnen: La din vilje skje!*



► Og den som ber om dette, vil ikke lett gå lei,
men stadig overraskes og stadig undre seg.
For, Herre, det er spennende å be:
La din vilje skje.

Kanskje vår oppfatning av bøn helst er å snakka TIL Jesus, vera aktiv med ord. Like viktig er det å vera stille, og lytta til kva han seier til oss.

Makt i falda hender

Trygve Bjerkreim har skrive ein song som mange kjenner og er glad i :

*Det er makt i de foldede hender
I seg selv er de svake og små
Men mot allmaktens Gud du dem vender
Han har lovet at svar skal du få.*

*Det er svar underveis, engler kommer med bud
Om det drøyer, det fram dog skal nå
For det lovet jo løftenes trofaste Gud
Kall på meg, og du hjelpen skal få.*

Heim om kvelden

Like eins Gøte Strandsjø :

*Som når et barn kommer hjem om kvelden
Og møter en vennlig favn,
Slik var det for meg å komme til Gud,
Jeg kjente at der hørte jeg hjemme.*

Hallesby om bøn

Ole Hallesby seier mykje om bøn i boka si Fra bønnens verden: «Be er å lukka Jesus inn i hjarta vårt. Under bøn, takk og lovprising opnar vi for Jesus sin påverknad på oss. Johs openberr 3,20: Sjå, eg står for døra og bankar. Om nokon hører mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda nattverd med han, og han med meg.

Bøn er sjela sitt åndedrett. Bøn er for sjela som pusting for kroppen. Lufta går inn i lungene og gjer sin livgjevande gjerning. Som lufta går stilt inn når vi pustar, går Jesus inn i våre hjarte, og gjer si gode gjerning der når vi ber.

Resultat av bøn er ikkje avhengig av krafta hos den som ber. Å be er å opna for Jesus, noko sjøl den mest kraftlause kan. Mi hjelpeleyse er mi beste bøn. Ho ropar frå mitt hjarte inn i Guds hjarte, betre enn ord».

Jesus bad




Jesus gjekk og avsides og bad til Gud, sin far:

Mark 1, 35: Tidleg om morgonen, medan det endå var mørkt, stod han opp og gjekk ut. Han drog bort til ein øydestad og bad der.

Luk 6, 12: På denne tida gjekk han opp i fjellet for å be. Og han var der og bad til Gud heile natta.


Snart ny bønneveke

På nyåret vert det truleg ei ny bøn 24 - 7 veke. Kanskje det kan vera noko å prøva for deg? Det kan absolutt anbefalast!



R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

BYGGMESTER O d d m u n d VAGLE

Tlf 47 63 62 02

Anestadvegen 292 - 4360 Varhaug



BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m.



HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Lobekk Bygg A/S

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87

Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85
Mobil 970 55 500



Leverandør av trelast
og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS
Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Fv: Maren Aanestad, Sigve Kydland, Birger Kydland,
Simen Aanestad, Jenny Ånestad, Marta Bøe,
Hanna Stokkeland, Martha Nord-Varhaug,
Irene Undheim og Åse Ødemotland.
Dirigent: Oline Varhaug Rød.



Pause i Varhaug ungdomskor

Karin Lerbekk

Denne hausten starta ikkje Varhaug ungdomskor opp aktiviteten sin som det har gjort tidlegare år. Det var leiarmangel som sette ein stoppar for det. Koret har i årevis vore eit tilbod for sangglade ungdommar frå 8.klasse og oppover. Det starta opp i 1963, så veldig mange har hatt glede av både å syngja og å høyra på sangen i alle desse åra.

Denne hausten vart det altså vanskar med å halda fram. Men dei som ønskjer det, har tilbod om å syngja i yngreskoret. Ifølgje leiaren der, Anne Margrethe Fauskanger, er det verdas beste yngreskor, og det er ikkje småtteri! Nokre har alt slått til, og fleire er velkomne.

Større aldersspreiing byr på utfordringer, som sangvalg og evt namneendring. Eit internt forslag er Varhaug yngdomskor, andre forslag mottas med takk og vil verta vurdert. Førebels

heiter koret yngreskor, og sangarane er i alder frå 5..klasse og oppover. Leiaren arbeider med å tilretteleggja sangvalg tilpassa nye alderstrinn, og ser føre seg at dei eldste kan ha ei hjelpeiarrolle attåt sang.

Det er øving annankvar måndag i partalveke, frå kl 18-19, på misjonshuset. Ta gjerne kontakt med Anne Margrethe Fauskanger på tlf 482 66 184.



Maren Aanestad.



Fv. Marta Bøe, Hanna Stokkeland, Martha Nord-Varhaug

Fv: Sigve Kylland,
Birger Kylland,
Simen Aanestad,
Jenny Ånestad

Yngreskortet på øving
16. oktober i år



Barneside



Vil du vera med på ein kule Jule-spørsmål konkurranse. Les spørsmåla og sjå kor mange du kan svara på? Så kan du spør storebror, storesøster eller venner eller far eller mor. Eller du kan leite fram svara i Bibelen.

Svara på desse spørsmåla kan du finna i Matteus 3 og Lukas 2.

Kven var konge i Israel då Jesus vart fødd?

Kva for ein by vart kalla Davids by?

Kva blei Jesus lagt i?

Kva slag folk var ute og held nattavakt?

Kor hen drog englane etter at dei hadde vore hos gjetarane?

Kven narra Herodes?

Kven gråt over barna sine?

Kva var det dei vise mennene såg i Austen?

Kor hen sa engelen at Josef skulle flykta med Maria og Jesusbarnet?

Kven blei konge i Judea etter herodes?

Kva heitte keisaren som styrte då Jesus blei fødd?

Kor busette Josef og familien seg etter at dei kom tilbake til Israel?

Kva heitte profetkvinnen som var i tempelet?

Kor gamal var ho?

Kva heitte mannen som skulle få leva til han hadde fått sett Jesus?

Var det vanskeleg? Ja fleire av spørsmåla er ganske vanskeleg. Klarer du alle er du Flink

Bilete over kan du leggja farge på.





Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798
Hjemmeside: jts.as

FARGERIKE



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



KAY'S

BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59
Fax. 51 43 70 05
Mobil. 911 04 662
E-post: amaria@online.no
Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering

Prisar for leige av Misjonshuset

	Kristelege arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på Misjonshuset	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
 - 2): Ved kokning av kaffe og ikke oppvask: kr. 50.-
 - 3): gratis for bønnemøter
 - 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungdsal kr. 4500 *)
" " : bruk av anrkjøkken og møtesal kr. 3000 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1000	1300
Møteveke med fest på sundag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset kr. 2500 (Ungdomslaget)
ANNA BRUK AV HUSET Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllau o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Mattingsdal	959 78 084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Anette S. Auestad	476 36 941
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	970 90 811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	951 45 516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Johannes Bøe	415 49 009
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin Skrettingland	411 06 529
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51 43 10 02
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51 43 03 66
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Anette Vatne Vagle	414 20 272
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Ingrid Omland	995 90 488
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	?	?
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	959 35 486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	Gerd Håland	992 54 851
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51 43 01 20
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51 43 10 57
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	992 54 852
SUNDAG lovsanggruppeøving ajourført: 21.04.17	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	416 76 727

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2017-2018

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer</u>	<u>og dato</u>	.
Gunhild Lobekk 958 61 391 (Asbjørn Fauskanger 94157641)	15 10/4	23 5/6	31 31/7
			39 25/9
			47 20/11
			3 15/1
			11 12/3
			19 7/5
Håkon Varhaug 901 13 828 (Sindre Varhaug 92868772)	16 17/4	24 12/6	32 7/8
			40 2/10
			48 27/11
			4 22/1
			12 19/3
			20 14/5
Per-Arvid Jakobsen 51430082/926 17 652 (Christian Grove 93863017)	17 24/4	25 19/6	33 14/8
			41 9/10
			49 4/12
			5 29/1
			13 26/3
			21 21/5
Torbjørn Honnemyr 479 56 501 (Martin Dyngeland 97055506)	18 1/5	26 26/6	34 21/8
			42 16/10
			50 11/12
			6 5/2
			14 2/4
			22 28/5
Astrid Varhaug 51430336/992 29 781 (Stig Hobberstad 95772599)	19 8/5	27 3/7	35 28/8
			43 23/10
			51 18/12
			7 12/2
			15 9/4
			23 4/6
Terje Skretting 900 59 582 (Leif Nord-Varhaug 91192055)	20 15/5	28 10/7	36 4/9
			44 30/10
			52 25/12
			8 19/2
			16 16/4
			24 11/6
Loyd Aanestad 51432149/915 39 216 (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	21 22/5	29 17/7	37 11/9
			45 6/11
			1 1/1
			9 26/2
			17 23/4
			25 18/6
Rolf Ueland 977 20 085 (Ståle Ånestad 94885541)	22 29/5	30 24/7	38 18/9
			46 13/11
			2 8/1
			10 5/3
			18 30/4
			26 25/6

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: **51430808**. Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100, I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan også nytte internettssida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllevei 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579


ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

Jærentrepreneur

Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900 Epost: post@vph.no
Fax.: 51434369 www.vph.no

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G
Nord-Varhaug & Co a.s

Hatlevien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556



ODLAND a/s
FORSKALING OG STØYPING

